



Tilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet til kulturbygg

Kap. 322, Post 70 *Nasjonale kulturbygg*

Retningslinjer for søknader til statsbudsjettet for 2025

1. Føremål

Under denne posten på statsbudsjettet vert det gjeve tilskot til bygningar og lokale for institusjonar og tiltak som har ei nasjonal oppgåve, ein landsdekkjande funksjon eller ein viktig landsdelsfunksjon innanfor kulturfeltet. Byggjeprojekta skal dekkja trongen for forsvarleg areal, auka funksjonalitet, og/eller auka tryggleik gjennom ombygging og/eller nybygg. Bygningane skal ha høg arkitektonisk kvalitet. Det vert vurdert som positivt om slike lokale inneber berekraftige, kostnads- og energieffektive løysingar, og medverkar til kulturelle møteplassar, der medverknad, aktivitet og digitale tenester står sentralt.

2. Hovudregelen om maksimal tilskotsdel på 1/3

Tilskota vil variera med storleik og type prosjekt. Hovudregelen vil vera at den maksimale tilskotsdelen er 1/3 av den delen av prosjektet som er i samsvar med dei ovanfor nemnde måla for posten. Det vil vera ein føremon at finansieringa elles er stadfesta i form av bindande tilsegner frå andre tilskotsytarar. For prosjekt som har krav på refusjon av meirverdiavgift, skal tilskotsdelen reknast utifrå prosjektkostnader som kan gje grunnlag for tilskot, fråtrekt meirverdiavgift.

3. Søknad om tilskot

For å verta vurdert i arbeidet med statsbudsjettet 2025, må utfylt søknadsskjema vera motteke av Kultur- og likestillingsdepartementet innan 1. januar 2024.

Søknader om tilskot frå kap. 322, post 70 *Nasjonale kulturbygg* i statsbudsjettet skal sendast til Kultur- og likestillingsdepartementet, helst berre elektronisk og tufta på eige søknadsskjema til postmottak@kud.dep.no.

Søknaden skal innehalda:

- utgreiing om korleis tiltaket ivaretek føremålet for post 70 *Nasjonale kulturbygg*, jf. omtale ovanfor; det kulturfaglege grunnlaget for byggjeprojektet; samarbeidet med andre institusjonar som ivaretek føremålet; og eventuelle aktivitetar ut over hovudføremålet. For kulturvernprosjekt skal det gå fram om,

og i tilfelle på kva måte, prosjektet er ein del av eit museum som inngår i det nasjonale museumsnettverket.

- omtale av prosjektet med rom- og funksjonsprogram, analyse av handlingsromet, skisser eller planteikningar. Planane og omtalen skal syna at lokala vert funksjonelle for det kulturfaglege grunnlaget og den aktiviteten som er planlagd. Planane må syna at bygningen vil ha høg arkitektonisk kvalitet, og at lokala vert universelt utforma.
- ei klårgjering av korleis og i kva mon lokala vil medverka til å skapa kulturelle møteplassar, der medverknad, aktivitet og digitale tenester står sentralt.
- investeringsbudsjett som òg femner om avsetjingar til reservar og ikkje føresette kostnader. Det skal som hovudregel gå fram av budsjettet at 1 % av projektkostnadene er sette av til kunstprosjekt.
- finansieringsplan for dette investeringsbudsjettet, der det vert gjort greie for status i finansieringa. Tilsegner om finansiering som alt ligg føre, skal dokumenterast.
- plan for organiseringa av gjennomføringa, mellom anna byggherreansvaret. Det skal gå fram kven som vil ta ansvaret for å dekkja eventuelle budsjettoverskridingar eller tilpassa prosjektet slik at det kan gjennomførast innanfor tilgjengeleg finansiering. Dersom dette er eit offentleg innkjøp, dvs. at meir enn 50 pst. av kostnadene vert finansierte med offentlege tilskot, skal det gå fram korleis byggherren ivaretek ansvaret for at kjøp og kontraheringar skjer i samsvar med lov og forskrift om offentlege innkjøp.
- framdriftsplan og likviditetsplan.
- søknadssum fordelt på utbetalingsår i samsvar med likviditetsplanen.
- ei klårgjering av eigarskap og driftsansvar.
- utgifts- og inntektsbudsjett for drift og vedlikehald av bygningen.

4. Utbetaling av tilskot

Svar på søknader som vert imøtekomne, vil koma i form av tilsegn om tilskot.

Tilskotsmottakaren skal skriftleg akseptera vilkåra for tilskotet. Dei løyvde tilskota vert utbetalte i samsvar med framdrifta og likviditetsbehova i prosjektet, og etter oppmoding frå søkjaren.

Utbetalingsoppmodingane skal òg innehalda oppdaterte opplysningar om prosjektet, rapport om status i høve til framdrifts- og likviditetsplan, førebels rekneskap og dessutan svar på eventuelle andre spørsmål og kommentarar i tilsegnsbrevet frå departementet.